SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesordføraren

Sakshandsamar:
Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.
Sak nr.: 15/8788-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
54306/15

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 17.12.2015

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

E-post: nve@nve.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar Bremangerlandet Vindpark AS si klage på vedtak om å avslå søknad om å bygge og drive Bremangerlandet vindkraftverk i Bremanger kommune

NVE har 01.12.2015 avslått søknad frå Bremangerlandet Vindpark AS om løyve til å bygge og drive Bremangerlandet vindkraftverk i Bremanger kommune. Som følgje av dette avslaget er det også gitt avslag på søknad frå SFE Nett AS om å bygge og drive ei 132 kV produksjonslinje frå vind-kraftverket til omsøkt koblingsstasjon på Rugsundøy. Bremangerlandet Vindpark AS har i dag sendt klage på desse avslaga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil med dette brevet uttrykke si fulle støtte til søkjaren si klage på vedtak.

Fylkeskommunen uttalte seg til søknaden ang. Bremangerlandet vindkraftverk 21.03.2012 i fylkesutvalssak 31/12 der det vart gjort slikt vedtak (jf. vårt brev til NVE 28.03.2012):

1. Fylkeskommunen rår til at konsesjon vert gjeve til Bremangerlandet vindpark, med bakgrunn i at Bremanger kommune har gjeve positiv uttale til konsesjonssøknaden.
2. Fylkeskommunen føreset

a) krav om avbøtande tiltak, m.a. tiltak som skjermar mot negativ visuell påverknad av kulturmiljøområda i Botnane og Vågsberget vert gjennomført.

b) at vindkraftprosjektet vert klarert i høve til kulturminnelova, i samsvar med brev frå Riksantikvaren

c) at utbyggjaren tek kostnaden ved utbetring av fylkesvegnett der det er behov for det i samband med utbygging av vindkraftanlegga

Fylkeskommunen uttalte seg til den aktuelle produksjonslinja som ein del av SEE Nett AS sin søknad om løyve for 132 kV ytre ring Nordfjord i møte 18.06.2014, sak 82/14 der det vart gjort slikt vedtak (jf. vårt brev til NVE 20.06.2014):

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at dei omsøkte 132 kV anlegga i ytre ring Nordfjord er fornuftige tiltak, og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Hovudelementet i søknaden er ny 132 kV linje mellom Ålfoten sentralnettstasjon og noverande trafo i Deknepollen.
2. Fylkeskommunen ser at det i søknaden er fleire alternativ med vekslande fordeler og ulemper for ulike tema. Fylkeskommunen prioriterer slik:

- ☐ Alternativ 4.0 framfor 4.1 ved passering av Bortnedalen.
- ☐ Alternativ 4.2 framfor 4.0 ved passering av Rugsundet.
- ☐ Alternativ 4.3 framfor 4.0 for kryssing av Nordfjorden med sjøkabel, og støttar med det Vågsøy kommune si tilråding.
- ☐ Alternativ 2.0 framfor 2.1. A ved Svoraåta på Bremangerlandet.

M.a. med bakgrunn i nasjonale mål om auka produksjon av fornybar energi og påtrykk frå sentrale styresmakter om planarbeid, har fylkeskommunen får utarbeidd «Regional plan for vindkraft». Jf. vedtak i fylkestinget 08.06.2011, sak 33/11. I retningslinjene som følgjer planen er det sagt m.a. at fylket skal legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på 1000 MW tilsvarande ein årsproduksjon på 3 TWh, innan 2025.

Så langt vi kjenner til, har prosjekt som til no har fått løyve til utbygging eit potensielt produksjonsvolum på 475 MW. Av dette er eit volum på 334 MW er til klagehandsaming i Olje- og energidepartementet. NVE har vidare så langt vi kjenner til, ikkje andre realistiske prosjekt til handsaming innafor fylkesgrensene. Med andre ord er det langt igjen til målet om 1000 MW innan 2025 som er sett i vår regionale plan.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Olje- og energidepartementet Postboks 8148 Dep 0033 OSLO.
Brevet vert sendt som e-post via nve@nve.no

Kopi til:
Bremanger kommune
Bremangerlandet Vindpark AS